

Resolusjon nr. 19.

## **Skattesystemet må legga til rette for meir vasskraft.**

Stortinget har vedtatt at utslepp av klimagassar skal reduserast med minst 40 prosent fram mot 2030, slik at Norge kan bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Elektrifisering av transportsektoren, offshoreinstallasjonar og annan industri er blant dei viktigaste tiltaka. Samtidig må det leggest til rette for vekst i grønne, kraftintensive næringar som kan skapa nye arbeidsplassar og inntekter.

Disse to viktige utfordringane vil krevje meir fornybar energi i Norge. NVE ventar at straumforbruket vil auke med 25 TWh (milliardar kilowattimar) – det vil sei med rundt 17 prosent – fram mot 2040. Betre utnytting av eksisterande vasskraftverk vil være den samfunnsøkonomiske og miljømessige beste løysninga for auka fornybar energi. Eit gjennomsnitt av analysar frå NVE og NTNU visar at potensialet kan være opp mot 15 TWh auka produksjon.

Senterpartiet har i partiprogrammet for 2017-2021 vedtatt å:

- Auke skjermingsfrådraget i grunnrenteskatten, slik at samfunnsøkonomisk lønnsame vasskraftprosjekt også blir bedriftsøkonomisk lønnsamme.
- Stå vakt om ordninga med konsesjonskraft og avgifter og innføre ordningar som sikrar at kommunar blir kompensert ved utbygging av nye fornybare energikjelder.

Regjeringas ekspertutval for vasskraftskatt leverte i september 2019 ei anbefaling som er blitt sterkt kritisert av både kraftnæringa, eigarkommunar, vertskommunar og fagbevegelsen. Alle miljø påpeikar at tiltaka vil ha liten effekt på opprusting og utviding av eksisterande vasskraftverk, noko Senterpartiet har vært opptatt av sidan Stortinget behandla Energimeldinga i 2015-16. I våre merknader til meldinga understrekte me at det var "påkrevd å bedra insentiva for investeringar i eldre kraftanlegg, slik at man kan oppretthalde og vidareutvikle den store verdien som ligg i allereie utbygde kraftanlegg". Senterpartiet har også i fleire alternative statsbudsjett foreslått å heve normrenta for berekning av friinntekt i grunnrenteskatten.

Kraftskatteutvalet foreslår å auke grunnrenteskatten for vasskraft, samt å avvikle eller svekke kommunale ordningar som heilt frå vasskraftas barndom har sikra lokal oppslutning om bruk av verdifulle naturressursar. Desse forslaga vil ikkje bidra til Senterpartiets mål om å vidareutvikle den store verdien som ligg i allereie utbygde kraftanlegg. Grunnrenteskatten må endrast slik at den ikkje er til hinder for opprusting av vasskraft, og konsesjonsordningane og eigedomsskatt på kraftanlegg må vidareførast i tråd med Senterpartiets merknader i Stortinget ved moderniseringa av konsesjonslovene i 2017 og verk og bruk-saken i 2018.

Rogaland Senterparti vil:

- Behalde dei kommunale konsesjonsordningane for vasskraft og gjeldande regler for eigedomsskatt, som er viktige for lokal oppslutning om vasskraftproduksjon og vidareutvikling av både eksisterande og nye kraftverk.

- Skjerme normal avkastning frå produksjon av vasskraft gjennom å auke friinntektsrenta i grunnrenteskatten, slik at det blir lønnsamt for selskapa å oppgradera og utvide dei eksisterande kraftverka.
- Be regjeringa foreta ei snarleg avklaring av sitt syn på saken i tråd med ovannemnte, slik at viktige rammevilkår både for næringa og vertskommunane blir klargjort.

Innsendt av Asbjørn Birkeland, på vegne av Senterpartiet i Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Sandnes

